



Nordhordlandsprosjektet- Saman om velferdsteknologi

Prosjektplan 2017-2020



Utviklingscenter for
sykehjem og hjemmetjenester
Hordaland



REGION
NORDHORDLAND

Versjon 0.3

09.03.2018

Innhald:

Innleiing	side 2
Bakgrunn for prosjektet	side 3
Om prosjektet	side 3
Velferdsteknologi	side 4
Føresetnad	side 4
Prosjektorganisering	side 5
Styringsdokument	side 6
Visjon	side 7
Mål	side 7
Rammer	side 8
Finansiering	side 8
Strategi	side 9
Risikoanalyse	side 16
Framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna	side 18
Organisasjonskart	side 19
Prosjektoppgåver	side 21
Handlingsplan	side 22
Vedlegg: Milepælsplan	side 26



Innleiing

Omsorgsektoren må, på same vis som andre sektorar, gjera seg nytte av og forbetra kvaliteten på sine tenester ved hjelp av teknologi. Det handlar om å ta i bruk teknologi som har vore tilgjengeleg, og om utvikling av nye teknologiske hjelpemidlar og løysingar i samarbeid med næringsliv og forskning (NOU 2011:11).

Velferdsteknologi vil kunne gje mogelegheit til auka fleksibilitet og hyppigheit på hjelp, og vil når det blir brukt riktig, kunne føre til auke i opplevd kvalitet i tenestene for brukarane, samt meir effektiv ressursbruk for kommunane.

Gjennom interkommunalt samarbeid innan velferdsteknologi, vil Nordhordlandsregionen kunne tileigna seg naudsynt kompetanse for å ivareta nye oppgåver, og kommunane vil kunna samarbeide om ressursar, slik at tilbodet til innbyggjarane i regionen blir best mogeleg.

Bakgrunnen for prosjektet

Regionen forventar større press på helse- og omsorgstenestene på grunn av demografiske endringar, og auke i oppgåvene som resultat av m.a. samhandlingsreforma. Spreidd busetnad og geografi skaper òg utfordringar for denne sektoren i mange av kommunane våre.

Prosjektet har sitt utspring i at kommunane i Nordhordlandsregionen ynskjer å samarbeide omkring utvikling av gode tenester og kompetansebygging i møte med ny teknologi og morgondagens omsorg. I mars 2017 vart samarbeidsprosjektet forankra administrativt i Regionrådet, og er no eit satsingsområdet i regionen.

Om prosjektet

Nordhordlandsprosjektet er eit samarbeidsprosjekt omkring velferdsteknologi i Nordhordlandsregionen. Kommunane som deltek er Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Masfjorden kommune er ansvarleg kommune og prosjektansvarleg. Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland er partner i prosjektet.

Det interkommunale prosjektet er eit forpliktande samarbeid mellom kommunane, og skal bidra til at kommunane tek i bruk velferdsteknologi i tråd med anbefalingane i det Nasjonale Velferdsteknologiprogrammet. Dette programmet er ein del av Helsedirektoratet sitt vedtak i Omsorgsplan 2020 om innføring av velferdsteknologiske løysningar. Hovudmålet for programmet er at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i kommunane innan 2020.

Dei ti kommunane søkte i mars 2017, saman med Utviklingscenteret for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland, om opptak i det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet, 2017- 2020. Søknaden omfatta innføring og implementering av velferdsteknologi, samt responscenter i dei 10 kommunane. Kommunane fekk godkjent søknaden og fekk tilskot på 1, 8 mill. kr i 2017 frå det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet ved Fylkesmannen.

Nordhordlandsprosjektet har følgeforskning i regi av Høgskolen på Vestlandet ved Senter for omsorgsforskning Vest.



Velferdsteknologi

«Med velferdsteknologi menes først og fremst teknologisk assistanse som bidrar til økt trygghet, sikkerhet, sosial deltakelse, mobilitet og fysisk og kulturell aktivitet, og styrker den enkeltes evne til å klare seg selv i hverdagen til tross for sykdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsatt funksjonsevne. Velferdsteknologi kan også fungere som teknologisk støtte til pårørende og ellers bidra til å forbedre tilgjengelighet, ressursutnyttelse og kvalitet på tjenestetilbudet. Velferdsteknologiske løsninger kan i mange tilfeller forebygge behov for tjenester eller innleggelse i institusjon.» (NOU 2011:11, s. 99)

Velferdsteknologi handlar om å finne løysningar som bidreg til at brukarar kan oppleve kontroll og tryggleik i eige liv. Velferdsteknologi er alders- og diagnoseuavhengig. Det viktige er å finne løysningar som tilpassast den enkelte sine behov, og kan gje den enkelte tryggleik, meistring og fridom. På den måten kan ein leve mest mogeleg sjølvstendig liv.

Velferdsteknologi handlar om å finne løysingar som gjer det mogeleg for innbyggjarane å bu lengst mogeleg i eigen heim, og samtidig vere trygg på at dei får den hjelpa dei treng. Det handlar til dømes om korleis ein skulegut kan få fridom til å delta på fotballskule og samtidig vere sikra at han blir riktig medisinerert. For andre handlar det om at dei kan kjenna seg trygge på at dei blir fanga opp og får hjelp ved uønskte hendingar, som t.d. eit fall. Det handlar om korleis tilsette kan bruke meir tid på den enkelte og prioritere naudsynte tiltak, og bruke mindre tid på infrastruktur.

Føresetnad

Signalutveksling og tovegsdialog er ein føresetnad for bruk av velferdsteknologi. For å kunne tilby og innføre tekniske løysingar må kommunane legge til rette for infrastruktur som kan handtera alarmer og tovegs kommunikasjon med innbyggjarane. Satsing på utbygging av breiband- og mobildekning er derfor eit av fleire viktige tiltak. Kommunane må være pådrivarar for utbygging av høghastigheitsbreiband og mobildekning av minst 4G-nivå.

Innføringa av velferdsteknologi må forankrast i alt planverk og alle strategidokument, slik som kommunalplan, samfunnsplan, IKT-plan, økonomiplan, helse-omsorgsplan, verksemdsplanar og IKT Nordhordland sine planar for regionen.

Prosjektorganisering

Oppdragsgjevar

Regionrådet

Prosjektansvarleg

Rådmannen i Masfjorden kommune (ansvarleg kommune)

Administrativ styringsgruppe

Kommunalsjefane i dei 10 kommunane i tillegg til representant frå IKTNH, brukarrepresentant og Samhandlingskoordinator i Regionrådet Nordhordland.

Prosjektleiar

Kari Eidnes Bjørkheim

Prosjektgruppe

Kari Bjørkheim (prosjektleiar), Helga I. Ellingsen (helse og omsorgsleiar i Masfjorden), Helge Kvam (rådgjevar for pleie, omsorg og sosiale tenster) Elin Eikemo, Oddrun Storheim Hoel, Gro H. D. Løvik og Anita L. Sævild (prosjektmedarbeidarar), Per Waardal (Utviklingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland), Rosalind Instebø (HTV- fagforbundet), Nils Ingvald Halle (IKT Nordhordland)

Ressursgruppe

Ressurspersonar frå kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Desse saman med prosjektmedarbeidarane.

Referansegruppe

Rune Heradsveit og Anne Hildegunn Færøy, Nordhordland utviklingsselskap (NUI)

Gunn Glimsdal, samhandlingssjef Haraldsplass diakonale sjukehus (HDS)

Rolf Martin Tande, kommuneoverlege i Masfjorden

Tord Moltumyr, helsesjef i Meland

Unn-Iren Tangedal, HTV- Norsk sykepleierforbund (NSF) i Austrheim

Ingvild Sylta, HTV Fagforbundet i Osterøy

Mabel Johansen, Husbanken

Svein Gjerstad, bustadkontoret i Lindås

Oddrun Vabø, pensjonistutvalet i Hordaland

Astrid Uthaug, NFU Gulen

Margaret Lilletvedt, NFU Lindås og Masfjorden

Rebekka Vågenes, Ytre Nordhordland demensforening

May Hundvin, NAV Nordhordland

Lars Erling Aarland, rådgjevar informasjonstryggleik/personvern IKTNH

Tore Horne, IKTNH

Karl Johannes Romarheim, brannsjef i Lindås, Meland og Modalen

Torstein Mehus, kommunalteknisk drift i Vaksdal



Hildegunn Baravelli, responscenteret i Lindås
Heinz Diehl, helse og omsorg på Fedje

Styringsdokument

Felles styringsdokument vert utarbeida for å sikre lik forståing i heile regionen, at det vert jobba mot same mål og at felles handlingsplan vert lagt til grunn.

- Prosjektmandat
- Prosjektplan med vedlegg: milepælsplan
- Kommunikasjons- og informasjonsplan
- Kompetanse- og opplæringsplan
- Mandat ressursgruppa
- Møteplan ulike grupper

For å sikre felles forståing på tvers av organisasjon og fag er det utarbeida eit prosjektmandat for prosjektet, oppretta styringsgruppe, prosjektgruppe, arbeidsgruppe og referansegruppe. Dei ulike gruppene er sett saman med personar frå alle kommunane og er tverrfaglege.

Visjon

Nordhordland - saman om velferdsteknologi

Verdiord

Tryggleik – Meistring - Fridom

Prosjekt mål

Alle kommunane i Nordhordland skal tilby velferdsteknologiske tenester som ein del av helse- og omsorgstenestene innan 2020

Hovudmål for innføring av velferdsteknologi

«Kommunesektoren utviklar effektive og gode velferdsløysingar ved hjelp av velferdsteknologi»

Delmål

Organisere kommunen slik at den er i stand til å møte morgondagens helse- og omsorgsutfordringar. Innbyggjarane skal kunne bu lengst mogeleg i eigen heim.

- Kunne tilby differensierte og skreddersydde tenester til den enkelte
- Fokus på auka kvalitet på tenestene
- Fokus på tidleg innsats og førebygging
- Kompetansebygging
- Rekruttering – attraktive arbeidsplassar
- Informere og ansvarleggjere innbyggjarane med omsyn til planlegging av eige liv og bustad
- Utarbeide beredskapsplanar i den enkelte kommune og avdeling

Resultatmål

Kontroll og tryggleik i eige liv for innbyggjarane.

Effektmål

- Gjennom prosjektet – auka kompetanse i heile regionen
- Regionen blir meir robust til å ivareta oppgåver i helse og omsorgssektoren i framtida
- Regionene utviklar nye tenestetilbod
- Like muligheit til tenester uavhengig av kva kommune ein bur i
- Opning mellom sektorane der ulike fagområder kan utfylle og bistå kvarandre i tenesteytinga, med resultat betre ressursutnytting, nytenking, felles identitet og brukarbehovstilpassa



Aktivitetsmål

- Regionene skal implementere teknologiske løysingar i 1050 heimar innan 2020
- Endringsleiing og kompetanseheving

Rammer

Prosjektmandatet som er godkjent av styringsgruppa

Finansiering

- Tilskot frå det nasjonale velferdsteknologiprogrammet
- Midlar frå fylkesmannen
- Eigenfinansiering frå kommunane

Strategi

Strategimål

Målet med strategien er at alle kommunane i Nordhordland saman skal arbeide for å utvikle gode velferdsteknologiske tenester innan helse og omsorg. Strategien skal medverke til at heile regionen skal endre og utvikle helse- og omsorgstenestene, for å kunne gi kvalitativt gode, bærekraftige og effektive tenester i framtida. Den skal òg sikre at kommunane er førande i høve utvikling og framdrift på teknologiske tenester.

Prosjektet skal jobbe for meir heimetenesteorientering og førebygging, auka kompetansen i regionen, organisere prosjektprosessen, jobbe med forankring horisontalt og vertikalt, sikre god dialog, bygge gode kulturar og utarbeide gode strukturar.

Visjon

For å realisere visjonen «Nordhordland – saman om velferdsteknologi» så samarbeidskommunane blitt einige om felles strategi og arbeidsmetodikk for å oppnå prosjektmålet «*Alle kommunane i Nordhordland tilbyr velferdsteknologiske tenester som ein del av helse- og omsorgstenestene innan 2020*».

Vegvisarar

Som vegvisar nyttast verktøykassen som er utarbeidd av Connect-prosjektet som bygger på «beste kommunale praksis» etter initiativ frå Nordisk ministerråd: «Velferdsteknologi. Verktøykasse» (Nordens välfärdscenter)

https://issuu.com/nordicwelfare/docs/norge_webb_1_?e=30952623/54448488

Verktøykasse for velferdsteknologi

- Steg 1: Visjon
- Steg 2: Strategi
- Steg 3: Kommunikasjonsplan
- Steg 4: Behovsanalyse
- Steg 5: Markedsundersøkelse
- Steg 6: Evalueringsmetoder
- Steg 7: Anskaffelsesplan
- Steg 8: Implementeringsmodell
- Steg 9: Følge opp gevinster (Gevinsteralisering)



Veikart for velferdsteknologi: www.Samveis.no

Endring og utvikling

Nordhordland regionen skal saman utvikle og auke kompetanse, bygge gode kulturar innan endring og utvikling i tenestene. Saman skal ein utvikle gode strukturar som er framtidsretta, med fokus på meir førebyggjande tenester m.a. å fordele ressursane på en målretta måte for å oppfylle visjonen.

Endringsleing og samarbeid på tvers

Velferdsteknologi er sektorovergripande, påverkar organisering og har berøringspunkt med mange samfunnsområder som infrastruktur, IKT, helsefag, bygg, juss (personvern, rettigheter, finansieringsordningar etc.)

Implementering av teknologien utfordrar på fleire nivå eksisterande organisering og regulering. Det krev at kommunane har fokus på endringsleing og ser heilskapleg på tenesteområda, legg til rette for og er opne for endringar dette medfører.

Teknologien legg til rette for samhandling på tvers. Dette kan være innan eigen kommune, kommunane imellom og kommunen i forhold til spesialisthelsetenesta. Vi vil bruke teknologien aktivt for å skape heilslapleg brukarforløp i tråd med intensjonen i Samhandlingsreforma. Det skal leggast til rette for å dele og utveksle informasjon på tvers av organisatoriske og kulturelle barrierar.

Velferdsteknologi rører som sagt ved ei rekke fagfelt. Sjølv om trenden går mot meir mobile løysingar, handlar òg velferdsteknologi om teknologi i bygg som skal støtte helsefaglege prosessar for forsvarlege helsetenester. Ved planlegging av nye bygg må velferdsteknologi inngå i planlegginga og være integrert i bygget.

Føregangskommunar

Lindås og regionen sitt offensive og målretta satsing på innovative og prosjekt og velferdsteknologi er sett på kartet òg i nasjonal samanheng.

Gjennom aktiv deltaking i etablerte innovasjonsmiljø og aktuelle nettverk skal samarbeidet sikre tilgang på erfaringar som er gjort og er under utvikling.

Prosjektorganisering

I prosjektet opprettast det ein organisasjon med prosjektleiar og prosjektmedarbeidarar som skal jobbe med å planlegge og legge til rette for felles aktivitetar, organisere kompetanseheving, vere drivar for anskaffing, sikre erfaringsdeling og gjennomføre informasjonarbeid. Men òg utarbeide styringsdokument, skrive prosjektplanar og -søknadar og foreta rapportering relatert til tilskot.

Det er viktig at kommunane har dedikerte personar/ressursar som har ansvar for velferdsteknologi i eigen kommune.



Rolleavklaring

Det å ta i bruk velferdsteknologi vil medføre at tilsette kan få nye roller, arbeidsoppgåver og ansvarsområder. For å klargjere dette, er det nødvendig med mandat for ulike grupper som vert oppretta. Til dømes får ressurspersonane ei viktig rolle.

Møteplan

Det vert laga møteplan for dei ulike gruppene som jobbar med prosjektplanlegging og – framdrift og dei som er involverte i implementeringa. Gruppene sine arbeidsoppgåver vil bestemme hyppigheit av møteverksemda.

- Styringsgruppa
- Prosjektgruppa
- Arbeidsgruppa i prosjektet (prosjektleiar og –medarbeidarar)
- Ressursgruppa
- Referansegruppa
- Andre ad-hoc grupper som vert oppretta etter behov

Førebygging og tidleg innsats

Kommunane skal ha fokus på førebygging for å sikre god folkehelse i framtida. I følgje Omsorg 2020 – Regjeringens plan for omsorgsfeltet 2015-2020: «Det handler både om å forebygge sykdom, skade og sosiale problemer og å forebygge forverring hos personer med etablert sykdom og tjenestebehov» (s. 25).

Slik helse og omsorg har vore organisert, har dei vore styrt etter behandlingsprinsippet. Med dei framtidige utfordringane ein ser både i høve personal- og økonomiressursar, er det svært viktig at tenestene blir styrt etter eit førebyggingsprinsipp. Dette betyr at helse og omsorgstenestene må organiserast på ein slik måte at førebygging, tidleg tiltak og innsats får eit større fokus framover.

Velferdsteknologi skal medverke til at fleire kan bu lenger i eigen heim, og gje skreddarsydd tenester ut frå den enkelte sitt behov, gje større fridom, meistring og sjølvstendigheit i eige liv.

Dei fleste ynskjer å bu lengst mogeleg i eigen heim. Kommunane vil og vri tenesta mest mogeleg over til å være heimetenesteorientert ut frå brukarane sine ønsker, og for å møte framtidige behov og utvikle bærekraftige helse- og omsorgstenester.

Potensielle gevinstar av å ta i bruk velferdsteknologi er betydelege – både for den enkelte brukar og for kommunen som tenesteleverandør. (jf. Gevinstrealiseringsrapportar, Helsedirektoratet, www.helsedirektoratet.no/velferdsteknologi#-rapporter-og-utredninger)



Ved å ta i bruk tryggleiksskapande teknologi så tidleg som mogeleg, kan ein medverke til at flest mogeleg blir vant til å bruke teknologi medan dei endå har læreevna intakt.

Det skal utarbeidas brosjyrar/veiledarar som viser ulike typar teknologi som dekker ulike tryggleiksbehov.

- Informere for å oppmuntre innbyggjarane til å utruste bustadane med tryggleiksskapande teknologi.
- Oppfordre innbyggjarane til å ta ansvar for eigen situasjon og tilrettelegge eigen bustad for å kunne motta digitale tenester om det oppstår behov for dette.

Kultur

For å få gevinstar av velferdsteknologi brukt i helse- og omsorgstenestene så må det arbeidast for å endre kulturen som har prega helse- og omsorgstenestene. Dette handlar òg om å endre kulturen i heile den kommunale organisasjonen, frå politisk nivå til tenestenivå.

Informasjon og kompetanseheving

Informasjonsarbeid vil vere ein viktig del av prosjektet, og det er mange partar som vil bli berørte, og ikkje berre dei som mottok og skal yte tenestene. Nye tenester, ny organisering, involvering av pårørande, frivillige og nye faggrupper, gjer det viktig at berørte partar er informerte. For å kartlegge dei berørte må det gjerast kartlegging av involverte (interessentar). Her finn vi nyttige verktøy i Veikart for velferdsteknologi på www.Samveis.no

Eit eksempel på viktigheita av informasjon er informasjon ut til innbyggjarane om kva dei nye tenestene vil medføre av muligheiter enten du er brukar, pårørande eller innbyggjar som kan bli brukar i framtida.

Det skal skrivast referat frå alle møta i prosjektgruppa. Dei som deltek i prosjektgruppa og i referansegruppene er ansvarleg for å informere vidare til dei som dei representerer, og eventuelt for å innhente innspel i forkant av møta og ta dei med.

I slutten av kvart møte vert ein einige om kva som skal informerast om frå møta, slik at ein sikrar eins informasjon ut .

Medan nokon vil trenge informasjon, så vil det vere behov for ulik grad av kompetanseheving på velferdsteknologi og endringane som vil kome, hos tilsette og leiarar i dei kommunale tenestene. Helse- og omsorgstenestene kan fungere som ein spydspiss for nytenking innan tenestene. For å sikre rett informasjon og kompetanseheving av rett type, til

rette personar/grupper og til rett tid, vert det oppretta ein Kommunikasjons- og informasjonsplan og ein Opplæringsplan.

Brukarbehov og brukarmedverknad

«Kva er viktig for deg?» vil vere eit viktig spørsmål å stille dei som skal motta tenestene. Her nyttast erfaringar frå Kvardagsrehabilitering som visar at gjennom at brukar får definere sine mål, så får det ein positiv effekt på motivasjonen. Forsking visar òg at det er viktig verdi for oss i Norge og andre nord-europeiske land å kunne bu i eigen heim og vere mest mogeleg sjølvstendig. Men for mange så vert denne verdien tilsidesett dersom ikkje tryggleiken er på plass. Dette jf. Maslows behovspyramide



Kjelde: <https://commons.wikimedia.org/wiki/File:MaslowsHierarchyOfNeeds.svg>

Brukarperspektiv som utgangspunkt for tiltak

Innovasjon utifrå brukarperspektiv handlar om å forstå brukarane sitt eksisterande og framtidige behov, for deretter å bruka kunnskapen som grunnlag for utvikling av nye produkt, prosessar og organisasjonsformer. Kommunane må legge til rette for at tilgjengelege ressursar kan samhandle og er ei oppgåve dei skal løyse ilag med innbyggjarane.

Dei offentlege tenestene må designast utifrå:

- Identifisera behov hos innbyggjarane/brukarane
- Identifisere behov hos dei som jobbar tett på tenestene.
- Byggje ned-frå og opp - bottom-up filosofi

Kommunane må sørge for at alle som skal forhalde seg til teknologien, har kunnskap og kjennskap til verktøya, og har tillit til at teknologien fungerer. Kva for kompetanseheving dette handlar om vert definert i prosjektet sin Opplæringsplan og Informasjons- og kommunikasjonsplan.

Brukarmedverknad vert ivaretatt på både individnivå og systemnivå. I denne satsinga vil sentrale organisasjonar som FFO, Pensjonistforbundet, Nasjonalforeininga mfl. vere

representert i referansegruppa. Lokalt i den enkelte kommune vil ein òg ha eit samarbeid med Eldreråd, Kommunalt råd for funksjonshemma og andre lag og organisasjonar.

Implementering

For å ivareta heilskapsperspektivet, brukarbehovet, god ressursutnytting samt å sikre fundament for å skalere løysingane, har det vore gjennomført ei innovativ anskaffing i Lindås kommune. Denne vart gjort slik at det ved ein kommunessamanslåing var mulig å ta val om å gå inn i kontrakten på lik linje med Lindås. Dette gjeld no for Radøy og Meland kommune.

Dei sju andre kommunane i prosjektet skal i løpet av 2018 gå til anskaffing av ulike velferdsteknologisk løysingar. Kommunane har ulik ståstad i høve til kva som føreligg av behov. Gjennom felles arbeidsprosessar i prosjektet skal behova til brukarane, pårørande, tilsette og kommunen som verksemd bli kartlagt. Utifrå behov vert det lagt opp til ein dialog med marknaden gjennom å be om innspel til løysingar på dei behov som vert skissert og møter med leverandørar. Dette dannar grunnlag for anbodskonkurransen våren 2018.

Basert på erfaringar frå velferdsteknologiprojekt som er gjennomført i ulike kommunar, har KS, Helsedirektoratet, og Direktoratet for e-helse tilrådd at det anskaffast:

- Digitale tryggleiksalarmer/varslings- og lokaliseringsløysingar
- Elektroniske dørlåsar
- Elektronisk medisineringsstøtte
- Digitale tilsyn(utvida tryggleiksalarmer med sensorar som også kan inkludera kamera.
- Oppgraderte sjukesignalanlegg/pasientvarslingsystem
- Logistikkøysing for meir optimale køyreruter og betre kvalitet på tenestene.

Dei ulike kommunane står fritt i forhold til kva dei vil prioritere, men tilrådingane er å byrje å implementere tryggleikskapande teknologi fyrst.

Det vil bli ei lagt til rette for ei felles anskaffing der kommunane kan inngå kontraktar i høve til alle dei velferdsteknologiske løysingane som er tilrådd , utanom logistikkøysing. I tillegg må alle dei 10 kommunane ha avklart korleis mottak av alarmer skal handterast innan 2020.

Responsenterteneste

Det er ynskjeleg å finna løysingar som ivaretek verdien av nærleik mellom brukar og respondent, samtidig som vi skal sørge for best mogeleg ressursutnytting.

Lindås er med i eit forskingsprosjekt for responsenterteneste ut 2018. Lindås har i denne perioden valt å ha lokal responsenterteneste på dagtid i vekedagane, og kjøpe tenesta eksternt kveld, natt, helg og høgtid. Den eksterne responsentertenesta er og back up på dagtid dersom det oppstår ulike problem.

Digitalisering opnar for å kunna styre alarmar til ulike mottakarar på ein fleksibel måte og tilpassa den enkelte brukar.

Alarmar kan rutast på ulike måtar, til pårørande, naboar, til vakttelefon i bufellesskap og på sjukeheim. Heimetenesta står alltid på ringelista til heimebuande som eit alternativ.

Personvern

Det skal opprettast databehandlaravtalar mellom alle leverandørar og oppdragsgjevar.

Vedtekne normer for personvern skal ivaretakast i alle tiltak. Velferdsteknologi skal i størst mogeleg grad baserast på informert samtykke frå brukar.

Velferdsteknologi kan i enkelte høve utfordra etablerte førestellingar om kva som er godt personvern.

Føringar frå Datatilsynet indikerer at ein skal velje den løysinga som i minst mogeleg grad krankar personvernet og er minst inngripande. Dette skal vurderast opp mot helsefagleg tilrådeleg.

Tiltaka som vert gjort skal begrunnast fagleg og dokumenterast skriftleg.

Finansiering

Kommunane må i tildeling av velferdsteknologi sjå til at vedtak stemmer overeins med gjedande lovverk og kor det er mogelegheit til å ta eigenbetaling .

Kommunane må avsetje økonomiske ressursar i budsjetta 2017-2020 til innføring av velferdsteknologi, og søke på tilskot der det er mogelegheit for det.

Innkjøp/leige av teknologi er ein forholdsvis liten del av investeringskostnadane ved implementering av velferdsteknologi. Dei største kostnadane er nok knytt til sjølve omstillinga.

Gevinstrealisering

Det er viktig å ha fokus på gevinstrealisering ved implementering av velferdsteknologi. Ein må kartlegge no-situasjonen, baseline. Det er viktig med eit systematisk opplegg/rutinar for dette frå oppstart.

Det må skapast kultur for å ha fokus på gevinstrealisering, og kva gevinstar ein får av auka kvalitet og effektivisering av tenesteproduksjonen.

Det fins dokumentasjon og forskning på kva som kan oppnåast ved implementering av velferdsteknologi dersom den blir brukt riktig, både kvalitetsmessig og samfunnsøkonomisk.

I prosjektperioden skal det fokuserast på gevinstar som har betydning for innbyggjarane si oppleving av kvalitet, og det tilsette opplever som støttande for si tenesteutøving.

Det vil òg vere fokus på kortsiktige og økonomiske gevinstar for å rigge kommunane og forbereda dei til møta utfordringane kommunane møter i framtida.

Risikoanalyse

For vurderingar av risiko for kor truleg noko inntreff og vurderingar av konsekvens vert skalaen 1-9 nytta, der 1-3 svarar til lite truleg, 4-6 svarar til medium truleg og 7-9 er høgst truleg i henhold til risiko.


ID	Risikopunkt	Konsekvensskildring	S	K
1.	Medverknad	Involvering av tilsette, informasjon undervegs er for å få felles forståing og eigarskap til prosessen og planen. Manglande medverknad kan føre til utsetjingar, svakare fagleg innhald og at implementeringa generelt vert meir utfordrande.		
2.	Framdrift	Effektivitet i møta. Leiing. Felles forståing for mandat/arbeidskrav. Ressursar. Sektorovergripande. Nok tid? Tilstreккеleg frammøte?		
3.	Regionalt samarbeid	10 kommunar. Ulik ståstad. Felles samforstand. Endringsforståing: korleis framtidige tenester organiserast.		
4.	Fagleg forankring	Tverrfagleg og tverretatleg. Hente inn informasjon. Spreie informasjon.		
5.	Informasjon	Riktig og nok informasjon til interessentane.		
6.	Lovverk	Kunnskap om lovverket og konsekvensar for velferdsteknologien. Informasjonstryggleik. Nytt lovverk 2018. Lovene som regulerer helse- og omsorgstenestene.		
7.	Etikk	Teknologi er kun verktøy. Brukarane sine behov ivaretakast på etisk god måte.		

Kor truleg inntreff risiko

Høg	Yellow	Red	Red
Medium	Green	Yellow	Red
Liten	Green	Green	Yellow
	Liten	Medium	Høg

Konsekvens

Prosjektet si framdrift, hovudmilepælar og hovudleveransar – overordna




Gjeld i prosjektperioden t.o.m. 08.03.18



Nordhordlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi

2017 - 2020


Tryggleik * Meistring * Fridom




Nordhordlandsprosjektet - saman om velferdsteknologi

2017 - 2020

Tryggleik * Meistring * Fridom



Gjeld i prosjektperioden f.o.m. 09.03.18



Prosjektoppgåver

Brukarretta arbeid

Koord. nye henvend.

Kartlegging/vurdering

Sak- og vedtaksarb.

Installasjon

Etterarbeid

Planlegge beredskap

Oppfylg. enkeltbrukar

Utøve beredskap

Dokumentasjon

Innovasjon/utviklingsarbeid

Samarbeid på tvers

Delta NVTP/Samveis

Samarb HVL Lindås 2

Halde fagleg oppdat.

Tenesteutvikling

Samarbeid leverandør

Tenesteplan/ord. drift

Samarb responsent.

Delprosjekt

Oppfyl. anskaffelse

Informasjonsarbeid

Styringsgruppa ajour

Adm. og polit. ajour

Avd. leiar ajour

Ress.gruppa ajour

NVTP/Samveis ajour

Forskinga ajour

Media-kontakt

Mottak henvendingar

Henvendingar konfer.

Info lag/org./råd

Info innbyggjarane

Info enkeltbrukar/pår.

Info tilsette

Brosjyre, rapportar

Spreie info prosjektet

Heimeside ajour

Facebook ajour

Prosjektarbeid

Motor/motivator

Prosjektpart-samarb.

Utarb. prosjektplan

Dokumentere/statist.

Arr.akt. i prosjektet

Utarb. aktivitetsplan

Anskaffelsesprosess

ROS/kvalitet/fagleg forsvarlegheit

ROS-analyse

Oppfylg. ress.gr.

Informasjonsutveksl.

Oppf. respcenter

Oppfylg. leverandør

Beredskapsplanar

Utarb. prosedyrer

Vurderingar forsvarleg

Avvikshandtering

Opplæring tilsette

Fagleg oppdat. koord.

Handtere uvent hend.

Oppfylg.
Datainformasjons-
utveksling

Databehandlaravtalar

Økonomi

Gevinstrealisering

Budsjett teneste

Budsjett prosjekt

Rekneskap prosjekt

Søknad midlar

Rapportering midlar

Innkjøp

Handlingsplan velferdsteknologi 2017- 2020

Mål	Delmål	Tiltak	Årleg rapportering
<p><u>Hovudmål:</u> Innbyggjarane skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og bumiljø.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oppretthalde sjølvstendige og aktive liv • Oppløve tryggleik og meistring i eigen bustad • På institusjon: oppleve å vere mest mogeleg sjølvhjulpen • Kunnskap til å forstå og ta i bruk teknologien 	<ul style="list-style-type: none"> • Vegleia kommunane med å utarbeida kompetanseplanar, prosedyrar og rutinar for iverksetjing og implementering. • Bistå kommunane med å gjennomføre årlege informasjonsmøter til innbyggjarar, politikarar, tilsette og brukargrupper for å synleggjera mogelegheiter 	
	<p>Utviklar felles visjon, mål, tilnæringsmåtar og haldningar til tenestene.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Opprette arbeidsgrupper • Gir opplæring • Lage visjon • Lage logo 	
<p>Innbyggjarane i Nordhordland skal ha mogelegheit til å bu heime så lenge som mogeleg.</p>		<ul style="list-style-type: none"> • Kartlegge brukar sine behov • Individuell tilrettelegging • Kompetanse til å rettleie brukar om tilgjengeleg teknologi/verktøy • Tilgang til robuste og fleksible teknologiske løysingar • Bygge ut omsorgstrappa/tenesteinnovasjon • Dagsentertilbod 	



Mål	Delmål	Tiltak	Årleg rapportering
	<p>Fagpersonar får kunnskap og kompetanse om bruk av velferdsteknologiske hjelpemidlar som del av dei ordinære helse- og omsorgstenestene:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kartlegging • Saksbehandling • Dokumentasjon • Implementering • Gevinstrealisering 	<p>Gjennomføre årlege regionale samlingar for fagpersonar, fag/ressurspersonar i kommunane i samarbeid med prosjektgruppa.</p> <p>Gjennomføre regelmessige regionale temasamlingar for tilsette som er involvert i dei ulike temaene.</p> <p>Koordinera, leia og vidareføra fagutval, og delta i arbeidsgruppene i kommunane</p> <p>Utarbeida ulike kompetansehevande tiltak for aktuelle involverte, også sektorovergripande tiltak.</p>	
	<p>Nordhordlandsregionen skal ha ein berekraftig infrastruktur som understøttar velferdsteknologi i drift.</p>	<p>Utgreia, vurdere ulike alarmmottak, jf. Lindås 2, responscenterløysing m.m.</p> <p>Samarbeid med sjukehus, legevakt.</p> <p>Legga til rette for ulike måtar å «ruta» alarmer, involvering av pårørande, naboar, andre ressurspersonar.</p> <p>Utgreia ulike former for samarbeid, brannvakt IKT, frivillige.</p> <p>Vera ein bidragsytar i overgang frå analog til digitale teknologiske løysingar.</p> <p>Delta i anskaffing av nytt utstyr.</p>	



Mål	Delmål	Tiltak	Årleg rapportering
Kommunane i Nordhordland skal ved innføring av velferdsteknologi hjelpe til med å få ein effektiv og samfunnsøkonomisk bruk av ressursane i helse- og omsorg.	Kommunane skal ta i bruk teknologiske løysingar som reduserer unødig tids- og ressursbruk i forbindelse med. med reising, oppfølging både for den enkelte brukar og dei tilsette.	<ul style="list-style-type: none"> • Vera pådrivar for å utgreia telemedisinske løysingar i brukaroppfølging med hensyn til både førebygging, behandling og oppfølging. • Kommunalt planverk må sjåast i ein heilskap, og det må setje av ressursar for implementering av velferdsteknologi. 	
		Støtta opp om bruk av teknologiske løysingar som reduserer unødig tid og ressursbruk i forbindelse med samhandling og møtedeltaking for fagpersonar innan helse- og velferdsområda i Nordhordlandsregionen.	Vera pådrivar for å utgreia teknologiske løysingar for fagpersonell, herunder videokonferansar, og innføring av ulike kommunikasjonsverktøy i Nordhordlandsregionen.
Nordhordlandsregionen skal ha ei leiande rolle innan utvikling og innføring av velferdsteknologi.	Arbeidet innan Nordhordlandsregionen si satsing på velferdsteknologi skal vera kunnskapsbasert og offensiv.	Samarbeid med Utviklingssenter, Høgskule og forskingsmiljø. Sikre deltaking på regionale, nasjonale, internasjonale arenaer.	
	Nordhordlands-kommunane skal ha dialog med leverandørar innan velferdsteknologi	Nordhordlandskommunane skal ha kunnskap om innovative offentlege anskaffingar av velferdsteknologi.	



Mål	Delmål	Tiltak	Årleg rapportering
Velferdsteknologi skal vera ein naturleg del av det kommunale tilbodet innan helse- og omsorg i alle Nordhordlandskommunane.	Nye prosjekt i Nordhordlandskommunane kor velferdsteknologi inngår, for eksempel ved bygging av nye omsorgsbustader, sjukeheimar, skal ein sikre ei best mogeleg tilrettelegging for innføring av velferdsteknologiske løysingar.	Bistå den enkelte kommunen med å utarbeida funksjons – og behovsbeskrivingar i innkjøpsprosessar.	
Behalde og rekruttere kompetent personell		<ul style="list-style-type: none"> • Ha fokus på innovasjon og framtidsretta tenester • Opplæring i velferdsteknologi, teneste og utstyr • Lage prosedyrer for samhandling/tenesteforløp • Jobbe med prosess og endringsleing 	

Referanse jf.

- Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2014-17
- Handlingsplan for oppfølging av tiltak initiert i Plan for interkommunalt samarbeid innan helse- og omsorgstenesta i Region Nordhordland 2016/17
- Søknad om tilskudd til av velferdsteknologiske løysingar til Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet 2017
- Prosjektmandat Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi

Vedlegg:

MILEPÆLSPLAN (pr. 01.01.18) versjon 1.0

2017												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Informasjonsmøte til 10 kommunar om søknadsprosess 15.03			x									
Arbeidsgruppe i høve søknad v/Helga I. Ellingsen, Kari Bjørkheim og Per Waardal				x								
Møte og intervju med Helsedirektoratet					x							
Oppstartmøte i Oslo med Helsedirektoratet						x						
Arbeidsgruppa – planarbeid						x						
Informasjonsmøte 10 kommunar 23.06.17						x						



2017												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Møte med PA Consulting						x		x				
Møte med 6 kommunar 20.06.17						x						
Arbeidsgruppemøte - plan og framdrift 30.06						x						
Arbeidsmøte Helga og Kari 06.07: O – punktliste utarbeida							x					
Utseeing av 0 – punkt liste til alle 10 kommunane							x					
Utlysing og tilsetting							x	x				
Arbeidsgruppemøte – opplæringsplan 21.08								x				
Innkjøp av diverse utstyr								x	x			
Rapportering 01.09									x			



2017												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Samling av alle kommunane, gjennomgang av 0 – punkt liste 29.08 rapportering frå alle kommunane								x				
Kommunikasjons- og informasjonsplan								x	x	x	x	x
Opplærings- og kompetanseplan								x	x	x	x	x
Informasjon helseutvalet									x			
Arbeid med felles visjon og mål for prosjektet									x	x		
Tilsetting og oppstart av prosjektgruppe									x	x	x	
Prosjektgruppemøte									x	x	x	x
Prosjektmandat										x		



2017												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Velferdstekn. ABC									x	x	x	x
Opplæring i alle kommunane									x	x	x	x
Opplæring/informasjon kommunestyra									x	x	x	x
Kartlegging av mobildekning									x	x	x	x
Plan for anskaffing, responsteneste og implementering i kommunane										x	x	x
Workshop PA Consulting - Prosess, endringsleiing og forankrings- skape felles visjon og mål										x		x
Konferanse 07.11.17 for alle 10 kommunane med politikarar m.fl.										x		



2017												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Etablere arbeidsgruppe med fokus på anskaffing og implementering										x		
Statusrapport på opplæring og kommunikasjonsplan frå kvar kommune											x	
Arbeidsgruppe arbeid med mandat og tidsplan blir utarbeida											x	
Søknad om tilskot for 2018											x	
Informasjon til USHT Hordaland											x	
Ressursgruppemøte												x
Milepæl – Forankring Prosjektet skal vere godt kjent i alle 10 kommunane												x



2018												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Rapport frå kvar kommune i høve status på forankring og informasjon												x
Informasjons-, kommunikasjons- og spreingsarbeid	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Implementering av teknologi til brukarar i 3 kommunar	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Prosjektgruppemøte	x	x	x	x	x	x			x	x	x	
Arbeidsgruppe utarbeide anbod	x	x	x	x	x							
Lokale arbeidsseminar 1	x	x	x	x								
Workshop PA Consulting Prosess, endringsleiing og forankrings- skape felles visjon og mål	x		x			x						
Søknad om div tilskot i kvar kommune		x										



2018												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Velferdsteknologiens ABC runde 2			x	x	x	x		x	x	x		
Evaluering velferdsteknologiens ABC – rapp. frå kommunane				x								
Milepæl: Publisering av anbodskonkurranse					x							
Plan gevinstrealisering						x						
Arbeidsgruppe-samling 20.-21.06						x						
Rapportering Status i høve planarbeid frå kvar kommune – forankring						x						
Status rapport frå kvar kommune								x				x
Workshop ROS-analyse									x			
Avklart responscenter og leverandør for utstyr									x	x		



2018												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Oppfølging av kontrakt og leveranse i 7 kommunar									x	x	x	x
Lokale arbeidsseminar 2									x	x	x	x
ROS-analyse i kvar kommune									x	x	x	x
Rutiner og prosedyrer i kvar kommune									x	x	x	x
Beredskapsplan i kvar kommune									x	x	x	x
Studietur for prosjektgr. - bli kjent/få impuls frå andre										x		
Halvegsrapport frå prosjektet										x		
Konferanse 06.11.18 for alle 10 kommunane for politikarar m.fl.										x		



2019												
Aktivitet	jan	feb	mars	april	mai	juni	juli	aug	sept	okt	nov	des
Implementering av teknologi til brukarar i 10 kommunar	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x	x
Prosjektgruppemøte	x	x	x	x	x	x			x	x	x	x
Ressursgruppemøte	x	x	x	x	x	x			x	x	x	x
Referansegruppemøte	x					x						
Velferdsteknologiens ABC runde 3?		x	x	x	x	x						
Gevinstrealiseringsrapport				x						x		
Rapport frå kvar kommune					x				x			
Workshop: vegen vidare etter prosjektet									x			
Kartlegging i kommunane 2019										x		
Erfaringskonferanse											x	
Sluttrapport												x

